



Møteprotokoll for Valstyret

Møtedato: 28.04.2015
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 11:00 - 12:30

Møte vert halde etter formannskapsmøte.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Gisle Heimly	SO	Medlem	
Gunnhild Steinsland	SO	Medlem	
Knut Moe	SA	Ordfører	
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Trond Arild Henriksen	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Øivind Olsnes	Rådmann	Møtesekretær	

Sakliste

Saknr	Tittel
001/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2015	Orienteringssaker
003/2015	Godkjenning av listeframlegg
004/2015	Utlegging av manntal til offentlig ettersyn
005/2015	Delegering av mynde frå Valstyret
006/2015	Førehandsrøysting
007/2015	Tid og stad for røysting på Valtinget

Notat frå møtet:

001/2015: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

002/2015: Orienteringssaker

Behandling:

Rådmannen orienterte kort om:

Kyrkjevalet 2015, Brev datert 09.04.2015 frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Opplæring av valgmedarbeidarar
Røystestyra - om kven som kan delta

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

003/2015: Godkjenning av listeframlegg

Behandling:

Ole Jakob Nese, som var oppført på begge listeframlegga, har til møte meldt skriftleg frå om at han skal flytte frå kommunen til hausten. Han ber derfor om fritak og om at han vert strøken på begge listene. Det er høve til å supplere kvar av listene med ein kandidat på frigjeven plass. Tillitsvalde for listene vert å tilskriva om dette.

Samrøystes

Vedtak:

Listeframlegga frå Solrenningslista og Samlingslista vert godkjende.

004/2015: Utlekking av manntal til offentlig ettersyn

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:

Manntalet skal leggjast ut til offentlig ettersyn på følgjande stader:

Kundetorget i kommunehuset
Coop Mo
Coop Øvre Helland
Biblioteket
Modalstunet

005/2015: Delegering av mynde frå Valstyret

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:

Valstyret gjev leiar og sekretær fullmakt til å handle på vegne av valstyret i saker som ikkje er av prinsipiell betydning.

Valstyret oppnemner eit arbeidsutval på 3 medlemmer som kan ta avgjerder i enkeltsaker som ikkje er av prinsipiell karakter, jfr. kommunelova § 10 nr 4.

Medlemmer i arbeidsutvalet:

Leiar i valstyret
Gisle Heimly
Gunnhild Steinsland

006/2015: Førehandsrøysting

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:

I Modalen kommune skal førehandsrøystinga føregå på Kommunehuset (formannskapsrommet) frå kl. 10.00 – 14.00 på arbeidsdagar.

Det vert halde ope den siste laurdagen før valet (5. september) frå kl 11.00 – kl 14.00.

Som røystemottakarar ved førehandsrøysting, ambulerande røysting og røysting på sjukeheimen vert oppnemnd tilsette i administrasjonen .

Anneli V. Lilletvedt, Ida Fosse, Øivind Olsnes, Oddvin Neset, Kristi Møster, Aina Holmås, Lena Torslett, Inga Jorunn Nåmdal, Tone S. Skuggevik og Kjell Langeland

Sekretæren for valstyret får fullmakt til å fastsetje tidspunktet for røysting på Modalstunet i samråd med styrar.

Førehandsrøysting på Modalstunet og ambulerande røysting vert organisert og kunngjort av sekretæren for valstyret.

007/2015: Tid og stad for røysting på Valtinget

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Røystinga vert gjennomført slik:

Krinsnamn	Røystestad	Røystetid
Mo	Samfunnssalen på Mo	12.00 - 18.00
Øvre Helland	Samfunnshuset	12.00 - 18.00